

Saksprotokoll i 30.01.2020 - fylkesutvalet

Fylkesordfører gav slikt svar:

«Spørsmål 1

Det ligg per no ikkje føre konkrete planar eller planarbeid etter plan- og bygningsloven for strekninga Skei - Byrkjelo. Men, det er under vurdering eit rassikringsprosjekt for deler av strekninga. E39 Våtedalen er lagt inn som rassikringsprosjekt i NTP i perioden 2018-2029 med 1300 millionar kroner. Rassikringsprosjektet omfattar bygging av tunnel for å sikre fem område mot skred. Planarbeidet er ikkje formelt starta opp, og slik vi er gjort kjend med etter samtale med Statens vegvesen er planarbeidet tenkt starta opp i 2020, og med planlagt byggestart i 2024.

Vi går ut frå at den aktuelle plantypen som vert brukt for planarbeidet vil vere kommunedelplan etter plan- og bygningsloven. For denne plantypen er det krav om konsekvensutgreiing, og vanleg praksis er at det vert sett på ulike alternativ for vegtrasear. Gjennom konsekvensutgreiinga vil det bli vurdert kva konsekvensar vegen vil få for ei rekke fagfelt og interesser, inkludert landbruk og landskap.

Spørsmål 2

Det er utarbeidd eit framlegg til kommunedelplan for strekninga E39 Byrkjelo - Grodås som formelt skal godkjennast av kommunane Stryn, Hornindal og Gloppen. Planarbeidet er konsekvensutgreidd etter krava i plan- og bygningsloven, også konsekvensar for landbruk og landskap. Fylkesutvalet hadde saka på høyring, og gav uttale i møte i sak nr. 1/19, den 23.01.2019.

Sjølv om det er Statens vegvesen som har utarbeidd planen, er det kommunane som er planmynde og som skal vedta planen. Stryn og Hornindal har vedteke planen, medan Gloppen kommune ikkje har vedteke planframlegget per no. Formannskapet i Gloppen kommune gjorde i møte den 2.10.2019 vedtak om utsetje behandlinga av kommunedelplanen. Dette vart gjort då dei ønskte å få til møte med Samferdselsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet.

Dersom Gloppen kommune ikkje vedtek planen, kan staten nytte plan- og bygningslova § 6-4 om statleg arealplan. I 1. og 2. ledd står det: «Når gjennomføringen av viktige statlige eller regionale utbyggings-, anleggs- eller vernetiltak gjør det nødvendig, eller når andre samfunnsmessige hensyn tilsier det, kan departementet henstille til vedkommende kommune om å utarbeide arealdel til kommuneplan eller reguleringsplan etter lovens kapittel 11 og 12.

På samme vilkår kan departementet selv utarbeide og vedta slik plan. Departementet trer da inn i myndigheten til kommunestyret. Vedkommende kommune plikter å gi departementet nødvendig bistand i arbeidet.»

Og i lovkommentaren til § 6-5 står det at: «Statlig plan bør imidlertid bare benyttes i situasjoner hvor det ikke kan ventes at den ordinære kommunale eller regionale planleggingen vil føre til et resultat som kan godtas av staten. Bruk av statlig arealplan er derfor å anse som en unntaksordning i forhold til det ordinære plansystemet. Planbehandlingen må legges opp slik at de vanlige krav til offentlighet, lokal medvirkning og så videre oppfylles. Siste punktum i første ledd klargjør at en statlig plan er henholdsvis kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan og følger behandlingsreglene for disse plantypene, med den endring at vedtaksorganet er departementet.»

Spørsmål 3

For å få ferdigstilt planarbeidet Byrkjelo - Grodås vil fylkesordføreren ta kontakt med Gloppen kommune for å bli betre orientert om planarbeidet og utfordringar knytt til ferdigstilling av planen. Eventuell støtte vidare må ta utgangspunkt i dette.»